



Bunadprodusentar: – Grethe Rudi Bråten t.v. og Gunild Nørsterud har drive Valdres Folkedraktsaum sidan 1989.

FOTO: PRIVAT

# Jentene i Jonshegge

■ Grethe Rudi Bråten og Gunild Nørsterud

I ein gammal bygning på Valdres Folkemuseum sit Grethe Rudi Bråten og Gunild Nørsterud og syr. Dei er kjende over det ganske land. I over 20 år har dei sydd tradisjonsrike festklede for kar og kvinnefolk.

Valdres Folkedraktsaum vart etablert i 1989 og har halde til i den over 200 gamle Jonsheggebygningen. Sjølv seier dei at Jonsheggebygningen har den rette stemninga for bunadsyng. Ikkje så rart, kanskje, det er gamle tradisjonar dei held seg til. Grethe i fyrste etasje syr klede for kvinner. Gunild i andre etasje syr klede åt karane.

I Valdres har vi mykje gammalt draktmateriale å ta utgangspunkt i. Dette har lagt grunnlaget for rekonstruksjonar av mange av dei bunadane vi brukar i dag. Karane kan velja mellom fire forskjellige bunadar, alle rekonstruksjonar av drakter frå 17- og 1800-talet. Det same gjeld kvinnene. Og så er det sjølvsagt mange som vel dei to broderte bunadane, utvikla tidleg på

1900-talet. I dag er bunadbruken meir populær enn nokon gong: Ein reknar med at det er rundt 450 drakter og plagg som i dag går under namnet bunad. Kva er eigentleg ein bunad? Litt forenkla kan vi forklare det slik:

1. Bunader som representerer siste ledd i ei folkedraktutvikling: Folkedrakta, særleg til fest- og høgtidsbruk, fekk etterkvart ny interesse og funksjon som bunad, utan å ha gått ut av bruk.

2. Bunader som har bakgrunn i ei folkedrakt som var gått ut av bruk, men som ikkje var gløymd: Til tross for at folkedrakta hadde gått ut av bruk, visste mange korleis den hadde vore i store drag. Til dels laga ein nye plagg etter dette og til dels brukte ein gamle plagg.

3. Bunader som er systematisk rekonstruerte på grunnlag av bevarte folkedraktplagg, frå same område, periode og drakttypen: Desse bunadane er rekonstruert frå ei folkedrakt etter at denne var gått ut av bruk. I rekonstruksjonsprosessen har ein nytta kjelder som fortel om drakttypen, t.d.

skriftlege opplysningar, biletstoff og munnleg tradisjon.

4. Bunader som er laga på grunnlag av eit tilfeldig og mangelfullt gammalt draktmateriale: Dei delane ein ikkje fann førebilete til, har ein utforma i stil med resten av drakta.

5. Bunader som heilt eller delvis er fritt komponerte: Enkelte av desse har trekk frå folkedraktmaterialet, medan andre har henta inspirasjon frå ulike typar gjenstandar eller plagg.

*Eiforlokkande vise om jentene  
Ho Grethe sauma den beste  
stakken,  
du bi sofin – kaut og bratt i nakken.  
Og alle guta frå kvar ein krok,  
kan gå te'n Gunhild o få seg brok.*